



Til drosjesentralane i Bergen køyreområde

Brevet er berre sendt med e-post

Dato: 03.03.2014

Vår ref.: 2014/427-2

Saksbehandlar: annvedv

Dykkar ref.:

## EVALUERING AV DROSJEVERKSEMADA I BERGEN KØYREOMRÅDE 2013 - VEDTAK I FYLKESUTVALET

Evaluering av drosjeverksemada i Bergen køyreområde 2013 vart handsama i sak 5/14 i fylkesutvalet 30.01.2014. Fylkesutvalet fatta følgjande vedtak:

1. *Fylkesutvalet tek evalueringa av drosjeverksemada til orientering, og godkjenner endringa i drosjereglementet slik det går fram av saka.*
2. *Fylkesutvalet ber om at fristen på overgang mellom sentralane vert reell på 3 månader. Dvs. at ein ikkje kan vera kontinuerleg klar til overgang.*

Endringane i drosjereglementet pkt. 7 er no tatt inn i reglementet, og nytt gjeldande reglement ligg ved dette brevet.

Når det gjeld pkt 2 i fylkesutvalet sitt vedtak, viser me til vårt brev av 05.02.14 om endring av praksis ved overgang.

Når det gjeld køyretider for reservedrosjene vil desse etter fylkesutvalet sitt vedtak berre vera rettleiande for å sikra eit stabilt drosjetilbod på tidspunkt der etterspurnaden etter drosjetenester er stor.

Rolf Rosenlund  
Leiar

Anne Vedvik  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg: Drosjereglementet for Bergen køyreområde, revidert 30.01.14